

TILSYNS- RAPPORT

2025

Skrivekunstakademiet

Periodisk tilsyn med systematisk kvalitetsarbeid



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUT har eige styre og er fagleg uavhengig i dei oppgåvene som er definerte i universitets- og høgskulelova. I tillegg utfører vi forvaltingsoppgåver som er delegerte frå Kunnskapsdepartementet.



Føremålet med verksemda til NOKUT er å føre tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdanningstilboda ved institusjonane.



NOKUTs ambisjon er å sikre og bidra til å utvikle norsk utdanningskvalitet gjennom å vere eit framtidsretta og internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.



NOKUT brukar sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

Institusjon	Skrivekunstakademiet
Sakkunnige	Kristoffer Myklebust Egset, Jörgen Elbe, Anne Berit Løland, Mitra Fagerli Rahman og Harald Aarbakke
Dato for vedtak	7. mai 2024 og 24. april 2025
NOKUTs saksnummer	22/12607

Føreord

NOKUT fører tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og skal bidra til kvalitetsutvikling ved institusjonane. Det gjer vi mellom anna gjennom å føre tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonane. Alle norske universitet og høgskular er pålagde å ha dokumenterte interne system for kvalitetssikring av utdanningane. Det skal ikkje gå meir enn åtte år mellom kvart tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved ein institusjon.

I 2023/24 gjennomførte NOKUT tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet (SKA). Den sakkunnige komiteen vurderte det systematiske kvalitetsarbeidet ved SKA basert på skriftleg dokumentasjon frå institusjonen og samtaler under institusjonsbesøket 27. oktober 2023. Komiteen leverte si opphavlege innstilling til NOKUT 5. februar 2024. På bakgrunn av vurderingane til den sakkunnige komiteen fatta styret i NOKUT følgjande vedtak 7. mai 2024:

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet har enkelte mangler. Skrivekunstakademiet må rette opp manglene påpekt i studiekvalitetsforskriften § 2-1 (2) og i studietilsynsforskriften § 4-1 (1) og § 4-1 (3). Frist for oppretting er 7. januar 2025.

Vinteren 2025 har den sakkunnige komiteen vurdert SKA sin dokumentasjon på oppretting av manglane. Ved tilsynet i 2023/24 vurderte komiteen kvalitetsarbeidet ved SKA opp mot dei den gongen gjeldande krava til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid i universitets- og høgskulelova, studiekvalitetsforskrifta og studietilsynsforskrifta. Frå og med 1. januar 2025 er desse krava erstatta med nye krav til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 og § 1-8. Ved opprettinga i 2025 har komiteen lagt dei nye krava til grunn for sine sakkunnige vurderingar. Dei nye krava til periodiske evalueringar i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (6) erstattar dei tidlegare krava i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2), kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (1) om at kvalitetsarbeidet skal vere del av institusjonen sitt strategiske arbeid, erstattar dei tidlegare krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (1), og kravet til systematisk kontroll med krav til akkreditering av studietilbod i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (5) erstattar det tidlegare kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (3).

Komiteen leverte si innstilling med vurderingar av dokumentasjon på oppretting til NOKUT 17. mars 2025. Styret i NOKUT fatta følgjande vedtak 24. april 2025:

Kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet oppfyller ikkje krava som låg til grunn for opprettinga, og som er vidareførte i gjeldande universitets- og høgskuleforskrift § 1-8 første ledd og femte ledd. Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet er ikkje tilfredsstillande.

Denne tilsynsrapporten består av komiteen si innstilling frå 2024, dei nye vurderingane til komiteen av universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (6), § 1-8 (1) og § 1-8 (5) og ny samla konklusjon frå 2025 (kapittel 1–5) samt Skrivekunstakademiet sine uttaler til den sakkunnige komiteen sine vurderingar frå 2024 og 2025 (kapittel 6).

Den sakkunnige komiteen som har vurdert kvalitetsarbeidet ved SKA, har hatt følgjande samansetning:

- Harald Aarbakke, førsteamanuensis ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole (komitéleiar)
- Jörgen Elbe, rektor ved Högskolan Dalarna
- Anne Berit Løland, tidlegare administrativ leiar for Akademi for scenekunst, Høgskolen i Østfold
- Kristoffer Myklebust Egset, student ved Høgskolen Kristiania (vurderingane frå 2023/24)
- Mitra Fagerli Rahman, student ved Norges musikkhøgskole (vurderingane frå 2025)

Åshild Kise, Hallvard Heiberg, Ane Benedikte Lillehammer og Eva Refsdal har vore NOKUT sine sakshandsamarar i tilsynet. NOKUT takkar den sakkunnige komiteen for vel utført arbeid. Vi vil òg takke alle studentar og tilsette ved Skrivekunstakademiet som har bidratt til komiteen sitt arbeid gjennom å dokumentere kvalitetsarbeidet og delta på intervju under institusjonsbesøket.

Oslo, 24. april 2025

Kristin Vinje

Innhold

1 Om tilsynet ved Skrivekunstakademiet (SKA)	7
2 Om SKA og organiseringa av kvalitetsarbeidet.....	8
2.1 Skrivekunstakademiet.....	8
2.2 Organiseringa av kvalitetsarbeidet.....	8
3 Vurderingar og konklusjonar for dei einssilde krava	11
3.1 Universitets- og høgskulelova.....	11
3.2 Studiekvalitetsforskrifta.....	15
3.3 Studietilsynsforskrifta	20
4 Samla konklusjon frå komiteen.....	34
5 Vedlegg til den sakkunnige innstillinga.....	37
6 SKA sine offentlege uttaler til dei sakkunnige innstillingane.....	38

Abstract

Norway's national agency for quality assurance in Education (NOKUT) was established in 2003 with the mandate to review both quality practices and the quality assurance work at the country's higher education institutions. NOKUT abides by the European Standards and Guidelines 2015 (ESG) which are operationalized in the national Regulations to the Universities and University Colleges Act.

The reviews are periodical in nature and each institution gets called upon every six to eight years. NOKUT appoints expert committees for these reviews who, in the first phase, examine targeted documentation from each institution, consisting of strategy, framework and implementation of internal quality assurance systems and systematic quality work. The second phase is a site visit where the committee interviews key stakeholders such as the leadership group, relevant faculty members, administrative staff and students. If the expert committee concludes that the institution falls short of the ESG criteria as operationalized in the national regulations, i.e., non-compliant, NOKUT might limit the institutions' accreditation rights.

Skrivekunstakademiet (SKA) was established in 1985 as a private foundation created by the author Rolf Sagen and Hordaland, now Vestland, county and is located in Bergen. SKA offers a single one-year, non-degree programme in creative writing (60 ECTS) and has 12 students and approximately 3 full-time equivalent staff. Most members of the teaching staff at SKA are themselves authors.

NOKUT reviewed SKA for the third time in 2023/2024. In this review, NOKUT found that SKA's quality work was only partially compliant with the national regulations. To achieve full compliance, SKA was mandated to document within eight months: 1) that it has routines and measures in place for periodic reviews of its portfolio as well conducting at least one such periodic review, 2) that its strategy is effectively linked to the quality system as such a connection had been found missing, and 3) that it has a satisfactory framework for the systematic monitoring of its course portfolio, and that it has performed such monitoring at least once.

SKA submitted documentation of the corrective actions on 7 January 2025. After reviewing the documentation, the committee has concluded that SKA has failed to address two of the three mandated corrections. SKA did not address the following within the deadline: 1) ensuring that its strategy is effectively linked to the quality system, and 2) establishing a satisfactory framework for, and execution of, the systematic monitoring of its course portfolio.

If an institution does not ensure compliance within a deadline, NOKUT may decide to revoke its eligibility to submit accreditation applications for new degrees. The institution may request a new review one year after the decision about non-compliance. If NOKUT, upon review, determines that the conditions are satisfactory, the institution will regain the opportunity to apply for accreditation, pursuant to Section 3-6 of the Universities and University Colleges Act.

1 Om tilsynet ved Skrivekunstakademiet (SKA)

Den 28. november 2022 blei Skrivekunstakademiet (SKA) bedt om å sende inn dokumentasjon på korleis kvalitetsarbeidet ved institusjonen oppfyller alle krava til kvalitetsarbeid i lova og forskriftene. SKA sende inn dokumentasjon til NOKUT 12. mai 2023. På grunnlag av NOKUT sin gjennomgang av den tilsende dokumentasjonen bad NOKUT om supplerande originalkjelder frå høgskulen sitt kvalitetsarbeid. SKA sende inn den supplerande dokumentasjonen til NOKUT 15. september 2023.

NOKUT gjennomførte digitalt institusjonsbesøk ved SKA 27. oktober 2023. Den sakkunnige komiteen intervjuar leiinga, kontorfullmektig, representantar frå styret, faste lærarar og gjestelærarar samt studentar med og utan tillitsverv.

Den 7. mai 2024 fatta styret i NOKUT følgjande vedtak, i tråd med den sakkunnige innstillinga:

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet har enkelte manglar. Skrivekunstakademiet må rette opp i dei påpeikte manglane i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) og § 4-1 (3). Frist for oppretting er 7. januar 2025.

Oppretting av enkelte manglar

SKA leverte dokumentasjon på oppretting til NOKUT 7. januar 2025 og utdjupande dokumentasjon 18. februar same året. Med unntak av den sakkunnige studenten, som måtte tre ut av komiteen, oppnemnde NOKUT same sakkunnige komité som i 2023 til å vurdere den nye dokumentasjonen. I innstillinga kjem vurderingane som er baserte på dokumentasjon på oppretting, etter dei opphavlege vurderingane av studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2), studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) og studietilsynsforskrifta § 4-1 (3).

Vurderingane til den sakkunnige komiteen er baserte på dokumentasjon frå institusjonen og samtaler under institusjonsbesøket. Oversikt over den skriftlege dokumentasjonen er tilgjengeleg i eInnsyn – offentleg elektronisk postjournal.

2 Om SKA og organiseringa av kvalitetsarbeidet

2.1 Skrivekunstakademiet

Skrivekunstakademiet (SKA) er ein høgskule som held til i Kulturhuset USF i Bergen. SKA blei etablert i 1985 av forfattar Rolf Sagen og Hordaland fylkeskommune. Høgskulen tilbyr undervisning innanfor feltet skjønnlitterær skriving og siktar på å utdanne og vidareutvikle forfattarar, som eit ledd i å styrke norsk litteratur. Høgskuletilbodet er mykje etterspurt og består av eitt akkreditert studietilbod i form av eit *årsstudium i skapande skriving* på 60 studiepoeng. Til *årsstudium i skapande skriving* tar SKA opp inntil tolv studentar frå ein søkarmasse som typisk ligg på mellom 150 og 180 per år. I tillegg til årsstudiet tilbyr SKA eit kortare (ikkje-akkreditert) kurs i skrivekunst. Høgskulen har seks fast tilsette i deltidsstillingar. Desse utgjer akademileiar i 80 prosents stilling, undervisningsleiar i 40 prosents stilling, kontorfullmektig i 60 prosents stilling samt tre skrivelærarar i 25 prosents stilling kvar. Undervisningsleiar nyttar 25 prosent av si stilling som skrivelærar. I tillegg til arbeidet til dei fast tilsette kjem bidrag til undervisninga frå ei rekke gjestelærarar som i hovudsak er etablerte forfattarar, men òg representantar frå academia og kritikfeltet.

Styret i SKA er valt av fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune og består av sju medlemmar. Av desse er tre representantar frå Vestland fylkeskommune. Dei fire resterande representerer Den norske Forfatterforening, Universitetet i Bergen, den faglege staben og studentane ved høgskulen. Styret har det overordna ansvaret for studiekvaliteten og kvalitetsutviklingsprogrammet. Styret vel nestleiar for styret, tilset nødvendig administrasjon og lærarar, vedtar årsbudsjett og kommuniserer med representantskapet i fylkesutvalet. Akademileiar, i samråd med undervisningsleiar, har ansvaret for å setje styret sine vedtak ut i praksis.

Skrivekunstakademiet og NOKUT

Som høgskule utan institusjonsakkreditering må SKA søke NOKUT om akkreditering av alle typar studietilbod. Høgskulen fekk akkreditert *årsstudium i skapande skriving* av NOKUT i 2007.

SKA har tidlegare gått gjennom to evalueringar av sitt system for kvalitetssikring. NOKUT godkjende systemet for kvalitetssikring ved SKA i 2009 og i 2016.

2.2 Organiseringa av kvalitetsarbeidet

Kvalitetssystemet

Kvalitetsarbeidet ved SKA er omtala i dokumentet «Systembeskriving av kvalitetssikringssystemet». Arbeidet er organisert rundt dokumenta «Årshjul for kvalitetssikringsarbeidet ved skrivekunstakademiet» og «Plassering av ansvar og styringsstruktur».

SKA nyttar ikkje omgrepet «kvalitetsområde» eksplisitt, men i systembeskrivinga og i årshjulet er følgjande element sentrale:

- studentopptak
- evaluering av studietilbod og emne
- studentvurderingar og eksamen
- læringsmiljø

Systembeskrivinga og årshjulet inneheld òg ein framdriftsplan for kvalitetsarbeidet.

Innanfor kvalitetsområdet «studentopptak» ligg ei beskriving av samansetjinga av opptakskomiteen. Komiteen er sett saman av akademileiar og minimum to andre som blir valde anten frå fagleg stab eller eksternt. Opptakskomiteen skal vurdere kvaliteten på søkarane basert på dei opptakskriteria som gjeld for studietilbodet. Studentane vurderer kvaliteten på mottaket i ei skriftleg evaluering i løpet av første semester. Akademileiar og undervisningsleiar brukar denne tilbakemeldinga til å vurdere om mottak og orientering til studentane har tilfredsstillande kvalitet.

Kvalitetsområdet «evaluering av studietilbod og emne» viser to målsetjingar. Den første er at undervisninga skal ha høg grad av samsvar med studieplanen. Dette blir vurdert av akademileiar og undervisningsleiar. Skriftleg evaluering frå studentane og frå fagleg ansvarleg for den aktuelle undervisningsperioden skal leggjast til grunn for vurderinga. Den andre målsetjinga er at studentane skal få høve til å påverke utviklinga i studietilbodet. Skriftleg evaluering i form av spørjeskjema skjer ved slutten av kvart semester. Ansvar for evalueringa ligg på lærar i det ein skilde emnet. Evalueringa dekkjer studentdeltaking, informasjon om studietilbodet, fagleg innhald, undervisningsopplegg, sosialt miljø og ei heilskapsvurdering. I tillegg får studentane gje ei munnleg evaluering gjennom ei samtale med dei fagleg tilsette.

For kvalitetsområdet «vurdering av studentar» er det ei målsetjing å sikre gode prosedyrar og å følgje retningslinjer for vurderingsarbeidet innanfor semestervurderingar og eksamensvurderingar. For semestervurderingar er det i hovudsak rapportar frå faglærar som skal leggjast til grunn. Grunnlaget for eksamensvurderingar kjem frå rapportar frå faglærar samt rapport frå sensor etter eksamen.

For kvalitetsområdet «læringsmiljø» er det ei målsetjing å sikre god kommunikasjon og godt samarbeid gjennom å vektleggje openheit og dialog. Generelle prinsipp for å sikra eit godt læringsmiljø er skildra for studieadministrasjon, for tilgang til IKT-utstyr, for bibliotek, for lokale og for helse, miljø og sikkerheit.

Roller og ansvar i kvalitetsarbeidet

Styret har ifølgje kvalitetsutviklingsprogrammet omtala i «Plassering av ansvar og styringsstruktur» det overordna ansvaret for kvalitetssikring. Styret har òg ansvaret for at den faglege verksemda held høg kvalitet.

Akademileiar er dagleg leiar for SKA og har det operative ansvaret for den samla verksemda i studietilbodet og for at kvalitetsutviklingsprogrammet fungerer og blir brukt i samsvar med fastsette retningslinjer. Det er ansvaret til akademileiar å sjå til gjennomføring av regelmessige møte som skildra i «Årshjul for kvalitetssikringsarbeidet ved

Skrivekunstakademiet», og å leie stabsmøte. Akademielar har òg ansvar for utforming og distribusjon av rapportar og evalueringar, og for å rapportere til styret.

Undervisningsleiar har ansvar for utforming av undervisningsplanen. Undervisningsleiar samarbeider også med akademielar i vurderinga av måloppnåing innanfor dei fire kvalitetsområda. Undervisningsleiar brukar 15 prosent av si 40 prosents stilling på administrative oppgåver. Undervisningsleiar inngår som éin av representantane for dei tilsette i læringsmiljøutvalet (LMU).

Kontorfullmektig er ansvarleg for administrative oppgåver i samband med dagleg drift, opptak og fristar gjennom semesteret. Kontorfullmektig inngår som éin av representantane for dei tilsette i LMU.

Skrivelærarane er fagleg tilsette i 25 prosents stilling med ansvar for å drive undervisning. Dei fast tilsette skriveleiarane deltek i stabsmøta og leverer undervisningsrapportar etter avslutta kurs.

Læringsmiljøutvalet har ansvaret for det fysiske og psykososiale læringsmiljøet, studentmiljøet ved akademiet og tilrettelegging for studentar med særskilte behov. Utvalet skal fungere som eit bindeledd mellom studentar og tilsette i læringsmiljørelaterte saker.

Stabsmøtet er ein arena for å diskutere pedagogiske og praktiske problemstillingar. Alle dei fast tilsette deltek, og møta finn stad omtrent månadleg gjennom året. Stabsmøtet er den primære formelle arenaen for drøfting av det systematiske kvalitetsarbeidet ved SKA.

SKA utarbeider følgjande rapportar:

Evalueringsrapporten er ei samanfating av dei kvantitative og kvalitative tilbakemeldingane frå studentane. Denne rapporten blir drøfta i stabsmøta og er ein av komponentane i kvalitetsrapporten.

Undervisningsrapportane er rapportar som blir skrivne av den einskilde faglærer. Desse blir nytta i stabsmøta til refleksjon og vidareutvikling av undervisningsopplegget.

Sensorrapportane er rapportar som viser sensor si vurdering av eksamen. Desse rapportane blir drøfta i stabsmøta for å vurdere kvaliteten på eksamensopplegget.

Kvalitetsrapporten er ein heilskapleg, årleg rapport som syner det overordna arbeidet med kvalitetsutvikling ved SKA. Rapporten blir lagd fram for styret i møtet i januar. Rapporten inneheld ein årleg rapport frå LMU, og styret blir slik òg kjent med arbeidet i LMU.

3 Vurderingar og konklusjonar for dei einskilde krava

3.1 Universitets- og høgskulelova

Kvalitetssikring

§ 1-6 Universiteter og høyskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring som skal sikre og videreutvikle kvaliteten i utdanningen. Studentevalueringer skal inngå i systemet for kvalitetssikring.

Vurdering

Kvalitetssystemet

SKA har eit internt system for kvalitetssikring av utdanninga som er tilpassa dei små forholda ved institusjonen. Systemet inneheld ei systembeskriving, eit årshjul og eit dokument som syner ansvarsfordeling og styringsstruktur. Ansvarsfordeling og fristar i kvalitetssystemet går fram av «Årshjul for kvalitetssikringsarbeidet ved Skrivekunstakademiet». Dokumentet gir ei oversikt over dei regelmessige aktivitetane som utgjør kvalitetsarbeidet i praksis, med informasjon om kven som har særskilt ansvar for dei einskilde oppgåvene. Komiteen meiner det går tydeleg fram korleis ansvarsfordelinga er mellom dei fast tilsette, men at det kunne vere meir tydeleg i dokumentasjonen kva ansvar gjestelærarane har i systemet. I dokumentet «Systembeskriving av kvalitetssystemet 2023» ligg ei skildring av dei overordna kvalitetsområda samt måla som styrer arbeidet for kvart område. Også her kjem det fram kven som har ansvar for vurdering og handheving av kvar målsetjing.

SKA er ein liten institusjon, og tilsette og studentar har tett kontakt. Komiteen meiner at det uformelle kvalitetsarbeidet kan vere ein styrke, men høgskulen bør vurdere om det er nokre strukturar ved det uformelle kvalitetsarbeidet som kan innlemmast i det formelle, systematiske kvalitetsarbeidet. Spesielt trekkjer komiteen fram at det er uklart kva som blir vedtatt i dei ulike møta, og kven som har ansvar for å følgje opp vedtaka. Det kjem dermed ikkje alltid tydeleg fram korleis SKA i praksis arbeider med strategi og mål. Tydelegare møtereferat når det gjeld kva vedtak som er fatta, og kven som har ansvar for å gjennomføre vedtaka, ville gjere det lettare å spore endringar i drifta over tid og å vurdere i kva grad eksisterande og tidlegare målsetjingar bidrar til å auke kvaliteten i utdanninga.

Komiteen har òg inntrykk av at mykje av ansvaret for gjennomføringa av kvalitetsarbeidet ligg på ein enkeltperson, utan at arbeidet blir dokumentert i tilstrekkeleg omfang. Det gjer SKA sårbar ved endringar i både den faglege og den administrative staben ved institusjonen. Det kom mellom anna fram i samtalene under institusjonsbesøket at akademileiar gjer mange små kvalitetsgrep som ikkje er omtala i dokumentasjonen. Sjø meir under komiteen si vurdering av studietilsynsforskrifta § 4-1 (5).

Studentevalueringar

Komiteen ser at studentevalueringar er omtala i kvalitetssystemet, og av årshjulet kan ein sjå at SKA gjennomfører studentevalueringar ved slutten av kvart semester.

Dokumentasjonen inneheld òg malar for og eksempel på gjennomførte studentevalueringar. Evalueringane blir sende til studentane i form av eit spørjeskjema som inneheld både ein numerisk skala for skåring av overordna område og eit høve til å skrive vurdering i fritekst. Med grunnlag i evalueringane utarbeider akademileiar ein rapport som blir presentert og drøfta i stabsmøta. Rapporten frå studentevalueringa blir òg inkludert i kvalitetsrapporten til styret, og hovudfunn frå evalueringane i haustsemesteret blir kommunisert til studentane ved oppstarten av vårsemesteret. Det er tydeleg at studentevalueringar inngår som eit sentralt element i SKA sitt kvalitetssystem, og at studentane si stemme er viktig for leiinga ved SKA. Studentevalueringar står fram som éin av fleire måtar studentane medverkar til å utforme sin eigen studiekvardag.

Komiteen meiner at det interne systemet for kvalitetssikring ved Skrivekunstakademiet bidrar til å sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanninga. Studentevalueringar inngår i systemet.

Konklusjon

Krava i universitets- og høgskulelova § 1-6 er oppfylte.

Læringsmiljø

§ 4-3 (5) Institusjonens arbeid med læringsmiljøet skal dokumenteres og inngå som en del av institusjonens interne system for kvalitetssikring etter § 1-6.

Vurdering

Læringsmiljø er eitt av dei sentrale elementa i SKA sitt kvalitetssystem og har definerte mål som gjeld kommunikasjon, dialog og samarbeid mellom studentar og tilsette, tilgjengeleg infrastruktur og helse, miljø og sikkerheit. Dei semestervise studentevalueringane inneheld spørsmål om både fagleg og sosialt læringsmiljø. Evalueringsrapportane blir behandla i stabsmøta.

I samsvar med universitets- og høgskulelova er det styret ved SKA som har det overordna ansvaret for læringsmiljøet ved institusjonen. Læringsmiljøutvalet (LMU) spelar ei viktig rolle i arbeidet med læringsmiljøet, og SKA skriv i dokumentasjonen at utvalet skal vere eit bindeledd mellom studentar og tilsette i læringsmiljørelaterte saker.

Representantane i LMU blir valde i haustsemesteret av og blant studentar og tilsette, og LMU skal bestå av like mange representantar frå begge gruppene. Studentrepresentantane i utvalet blir informerte om gongen i arbeidet i LMU i det første møtet i utvalet på hausten. Dette første møtet var enno ikkje halde då institusjonsbesøket fann stad. Representantane frå dei tilsette består av kontorfullmektig og undervisningsleiar, og leiaransvaret rullerer mellom tilsette og studentar kvart anna semester. Det blir halde eitt LMU-møte per semester, eventuelt fleire ved behov. Sjå meir under komiteen si vurdering av studietilsynsforskrifta § 4-1 (2).

Møtereferata viser at LMU handsamar nokre faste tema knytte til mellom anna undervisning og tilbakemeldingar, informasjonsflyt, klassemiljø og sosialt liv samt utfordringar med infrastruktur. Administrasjonsrepresentanten i utvalet skriv referat i etterkant av kvart møte. Referata blir sende til akademileiar og handsama i stabsmøta. Akademileiar utarbeider ein årleg LMU-rapport. Rapporten blir lagd fram for og godkjend av styret saman med den årlege kvalitetsrapporten.

Komiteen ser av LMU-referata at LMU handsamar problemstillingar som gjeld fagleg kvalitet i kursa, til dømes spørsmål om innhald og formidling av faglege problemstillingar. Komiteen registrerer òg at tilsvarande problemstillingar blir fanga opp gjennom studentevalueringar og evalueringsrapportar som blir handsama i stabsmøta. Dette legg til rette for god informasjonsflyt blant studenttillitsvalde og tilsette. Sjå likevel òg vurderinga til komiteen om kommunikasjon og informasjonsflyt under studietilsynsforskrifta § 4-1 (5).

Komiteen noterer seg at SKA har eit meldeskjema på nettsida, der studentane kan melde anonymt til administrasjonen om kritikkverdige forhold. Det kom fram under institusjonsbesøket at meldesystemet så langt ikkje har vore nytta. Komiteen registrerer at SKA ikkje omtalar ei ordning for studentombod i dokumentasjonen, og vil minne om at det er lovpålagt for institusjonar innan høgare utdanning å ha ei slik ordning, eventuelt i samarbeid med andre institusjonar.

Komiteen konstaterer at arbeidet med læringsmiljø inngår som ein del av Skrivekunstakademiet sitt interne systemet for kvalitetssikring, og at arbeidet blir dokumentert i referat frå LMU-møta og i LMU sin årlege rapport til styret.

Komiteen har merka seg at arbeidet i LMU ikkje er nemnt i «Årshjul for kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet». LMU har heller ikkje eit eige årshjul som viser gongen i arbeidet i utvalet. Komiteen vil tilrå at arbeidet med læringsmiljøet, mellom anna arbeidet i LMU, blir innarbeidd i årshjulet til Skrivekunstakademiet.

Konklusjon

Krava i universitets- og høgskulelova § 4-3 (5) er oppfylte.

3.2 Studiekvalitetsforskrifta

Periodiske evalueringar

§ 2-1 (2) Institusjonene skal gjennomføre periodiske evalueringer av studietilbudene sine. Representantar fra arbeids- eller samfunnsliv, studenter og eksterne sakkyndige som er relevante for studietilbudet, skal bidra i evalueringene. Evalueringresultatene skal være offentlige.

Vurdering

Kravet i studiekvalitetsforskrifta inneber at institusjonane skal gjennomføre periodiske evalueringar av studietilboda med deltakarar frå arbeids- og samfunnsliv, studentar og eksterne sakkunnige.

Komiteen kan ikkje sjå at SKA nokon gong har gjennomført periodisk evaluering av studietilbodet, og institusjonen har heller ikkje dokumentert rutinar eller retningslinjer for periodisk evaluering. I dokumentasjonen skriv SKA at institusjonen planlegg å gjennomføre ei ekstern evaluering innan utløpet av 2023. I samband med denne periodiske evalueringa er det henta inn eit kunnskapsgrunnlag i form av ei ekstern evaluering av forfattarutdanninga ved UiT Norges arktiske universitet, som er basert på tre år med observasjonar og intervju. Under institusjonsbesøket fortalde leiinga at SKA har fleire aktuelle eksterne kandidatar til gjennomføring av ei evaluering, men at det ikkje var avgjort kva samansetjing evalueringskomiteen skulle få.

Komiteen meiner SKA har hatt god tid til å gjennomføre periodisk evaluering etter at kravet kom inn i studiekvalitetsforskrifta i 2017. Dei sakkunnige viser til at vurdering frå eksterne fagfellar er eit sentralt akademisk prinsipp, og SKA vil som andre institusjonar innan høgare utdanning kunne dra nytte av eit eksternt blick på studietilbodet sitt.

SKA må gjennomføre periodisk evaluering med eksterne representantar, i tråd med kravet i forskrifta, og sikre at resultatane av evalueringane er offentlege. SKA må òg dokumentere rutinar for gjennomføring av periodiske evalueringar.

Konklusjon

Krava i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) er ikkje oppfylte.

Krav til oppretting

Skrivekunstakademiet må dokumentere rutinar og praksis (minst éi gjennomført evaluering) for periodisk evaluering av studietilbodet *årsstudium i skapande skrivning*. Evalueringa må gjennomførast i samsvar med ordlyden i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2), som seier at representantar frå arbeids- eller samfunnslivet, studentar og

eksterne sakkunnige som er relevante for studietilbudet, skal bidra i evalueringane, og at resultatene av evalueringane skal vere offentlege.

Ny vurdering etter dokumentasjon på oppretting

universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (6)

Institusjonen skal gjennomføre periodiske evalueringar av alle studietilbud som ledd i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten. Studenter, samt representantar frå arbeids- eller samfunnsliv og eksterne fagfellar som er relevante for studietilbudet, skal bidra i evalueringane.

Ein sentral del av føremålet med dei periodiske evalueringane er å stimulere til kvalitetsutvikling av studietilboda ved jamleg å sikre eit eksternt blick på studietilboda som heilskap. Det vil seie at institusjonen skal hente inn eit eksternt blick på kvaliteten i studietilboda, utover den informasjonen som vert samla inn gjennom andre delar av kvalitetsarbeidet. Samstundes er det viktig at den periodiske evalueringa er ein integrert del av det heilskapelege kvalitetsarbeidet ved institusjonen. Den faktiske medverknaden frå studentar, representantar frå arbeids- eller samfunnsliv og eksterne fagfellar er òg ein viktig del av krava i forskrifta.

SKA har dokumentert rutinen «Skrivekunstakademiets arbeid med periodiske evalueringar», som er innlemma i systembeskrivinga. Rutinen beskriver at SKA skal gjennomføre eksterne periodiske evalueringar av studietilbudet minimum kvart femte år. Det kjem tydeleg fram av rutinen at akademileiar har ansvaret for å initiere og førebu evalueringa, og det står at utforminga av mandatet skal gjerast i fellesskap. Det siste forstår komiteen som at staben ved SKA skal medverke i utforminga av mandatet i den periodiske evalueringa.

Vidare står det i beskrivinga av den periodiske evalueringa at «[e]valueringane skal vere i tråd med krava i forskrifta og sikre at akademiet fyl dei krav som til ei kvar tid er gjeldande». Det er noko uklart for komiteen kva SKA meiner med at evalueringane skal sikre at «akademiet fyl dei krav som til ei kvar tid er gjeldande». Komiteen spør seg om SKA legg opp til at den periodiske evalueringa òg skal ivareta delar av den systematiske kontrollen som institusjonen er pålagt å gjennomføre. Viss det er slik, undrar komiteen på korleis det vil bli når den periodiske evalueringa skal gjennomførast kvart femte år, og når tema for evalueringa ikkje er fastsett. Resultata frå periodiske evalueringar skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget i kvalitetsarbeidet, men komiteen meiner at om det er tenkt at periodisk evaluering skal brukast i den systematiske kontrollen ved SKA, må akademiet tydeleggjere i systembeskrivinga på kva måte det skal skje. Når det er sagt, anbefalar komiteen SKA å leggje opp periodisk evaluering og systematisk kontroll som to separate prosessar i kvalitetssystemet. Sjå også vurderingane av universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (5).

Som nemnt tidlegare i rapporten fortalde leiinga ved SKA under institusjonsbesøket at dei hadde fleire aktuelle eksterne kandidatar til gjennomføring av ei periodisk evaluering, men

at det på dåverande tidspunkt ikkje var avgjort kva samansetjing evalueringskomiteen skulle få. Dei sakkunnige blei derfor overraska då SKA valde å gje oppdraget med den periodiske evalueringa til éin person. Det kjem fram av dokumentasjonen at denne personen har tilknytning både til fagfeltet i høgare utdanning og til arbeids- og samfunnslivet. Studentar og lærarkrefter ved SKA deltok òg i evalueringa som intervjuobjekt, og evalueringa baserer seg elles på observasjon, evaluerings- og undervisningsrapportar frå studentar, studieplanar, læringsutbyttebeskrivingar, liste over pensum og eksamensreglement. I utgreiinga for opprettinga skriv SKA at institusjonen ikkje såg det «som naudsynt å setje ned ein komité med fleire medlemmar, så lenge informasjonsgrunnlaget som vart presentert for [evaluator] var såpass omfattande», og at SKA valde denne innretninga sidan institusjonen er liten. Komiteen forstår at SKA ønskjer å tilpasse evalueringa til eigen storleik og eigenart, men meiner at eit meir direkte bidrag frå studentar og tilsette ville kunne auke evalueringa si relevans og nytte for SKA.

I utgreiinga skriv SKA at akademiet tolkar ordlyden i den nye universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 sjette ledd som «noko forenkla» samanlikna med det gamle kravet i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2), og at SKA sin modell for periodisk evaluering derfor er tilstrekkeleg. Samstundes skriv SKA følgjande: «Vi er klar over at det vil kunne vere fleire måtar å tolke ordlyden i forskrifta på, og at det på nokre område kunne vore ein fordel å ha ein breiare samansett komité.» SKA viser òg til ein tilsvarande rapport for forfattarutdanninga ved UiT Norges arktiske universitet (UiT). Komiteen har ikkje grunnlag for å vurdere rapporten frå UiT opp mot krava til periodisk evaluering, då det fell utanfor vurderinga av kvalitetsarbeidet ved SKA. Det er derfor ei sjølvstendig vurdering av den periodiske evalueringa og innhaldet i rapporten frå SKA komiteen gjer her.

Det er riktig at ordlyden i den nye forskrifta er noko endra, og at det er presisert i den nye ordlyden at evalueringane er eit ledd i arbeidet med å *vidareutvikle kvaliteten* i studietilboda. Intensjonen med den nye ordlyden er altså å presisere utviklingsdimensjonen, samstundes som institusjonane kan bruke ulike metodar som er tilpassa eigenarten. I så måte står SKA fritt til å velje tema, omfang og hyppigheit på evalueringane, men endringa er ei tydeleggjering og ikkje ei endring i kva *føremålet*¹ med periodisk evaluering er eller har vore.

I beskrivinga av kvalitetssystemet til SKA står det at resultatet av evalueringa skal danne grunnlag for vidare arbeid i staben. I referatet frå stabsmøte 2. desember 2024 kjem det fram at akademileiar gjorde greie for framdrifta i den periodiske evalueringa, og at den var venta 9. desember 2024. Vidare viser referat frå stabsmøte 23. januar 2025 at rapporten godt kunne ha inneheldt meir relevant informasjon, men at det òg kom fram noko nyttig informasjon, mellom anna om undervisning og eit behov for meir pedagogisk kompetanse

¹ Føremålet om vidareutvikling av kvaliteten i studietilbodet ser ein igjen i standard 1.9 i «Standards and Guidelines for Quality Assurance in the European Higher Education Area»: «Institutions should monitor and periodically review their programmes to ensure that they achieve the objectives set for them and respond to the needs of students and society. **These reviews should lead to continuous improvement of the programme.** Any action planned or taken as a result should be communicated to all those concerned.» (komiteen si utheving)

blant dei som underviser ved SKA. Samstundes skulle NOKUT sin sakkunnige komité gjerne ha sett meir evaluering av sjølvstudietilbodet og studieplanen i evalueringa. Komiteen merker seg at evalueringa er noko annleis enn periodiske evalueringar ved andre og tilsvarande institusjonar i høgare utdanning. Det i seg sjølv er ikkje eit problem, men komiteen er bekymra for om den prosessen SKA legg opp til for å gjennomføre periodiske evalueringar, i tilstrekkeleg grad sikrar vidareutvikling av kvaliteten i studietilbodet, slik føremålet med dei periodiske evalueringane er.

I samband med arbeidet med å rette opp krav frå tilsynet i 2024 har styret til SKA vorte orientert om prosessen for den periodiske evalueringa. Det kjem fram av «Rapport til styret om status på kvalitetsarbeidet» for 2023. I «Rapport til styret om status for kvalitetsarbeidet» for 2024 er mandat, kunnskapsgrunnlaget i evalueringa og omfanget lista opp. Innhaldet i evalueringa og forslag til korleis evalueringa skal følgjast opp, utover å «gje eit betre totalbilete av undervisninga og praksisen på akademiet», er ikkje vurdert i dei dokumenta som SKA har sendt inn som dokumentasjon på oppretting. Det kan henge saman med at det var kort tid mellom ferdigstillinga av evalueringa og fristen for å levere dokumentasjon på oppretting til NOKUT. Sjølv om kvalitetsarbeidet, i samsvar med SKA sine egne rutinar, er nemnt i «Rapport til styret om status på kvalitetsarbeidet» og som eit eige punkt på styremøte, kjem det ikkje fram av dokumentasjonen korleis styret og leiinga ved SKA skal arbeide vidare med resultatane frå evalueringa.

Som komiteen presiserte i den første vurderinga i 2024, har SKA hatt god tid til å gjennomføre periodisk evaluering etter at kravet kom inn i studiekvalitetsforskrifta i 2017. I 2024 vurderte komiteen mellom anna at SKA måtte gjennomføre evalueringa med eksterne representantar og dokumentere rutinar for gjennomføring av periodiske evalueringar. Denne vurderinga er i tråd med forvaltningspraksisen til desse krava og føremålet med den nye ordlyden i universitets- og høgskuleforskrifta. Sjølv om SKA har nedfelt rutinar for periodiske evalueringar og gjennomført ei evaluering med ein ekstern representant, er ikkje komiteen overtydd om at SKA samla sett har rutinar som på ein tilfredsstillande måte sikrar føremålet med evalueringa. Det er mellom anna ikkje klart for komiteen på kva måte leiinga og styret ser for seg at evalueringa skal følgjast opp. Dette bidreg til å gje eit bilete av at evalueringa ikkje i tilstrekkeleg grad har det utviklingsperspektivet og den samanhengen med resten av kvalitetsarbeidet som komiteen hadde ønskt å sjå.

Når det er sagt, er SKA ein liten institusjon med få studentar og berre eitt studietilbod på 60 studiepoeng som går over eitt år. Sjølv om komiteen hadde håpa på eit noko anna oppsett for periodisk evaluering, ser dei sakkunnige at SKA har tatt grep for å få ei evaluering på plass, sjølv om arbeidet med å følgje opp resultatane ikkje er ordentleg i gang. Likevel forventar dei sakkunnige at styret og leiinga ved SKA vidareutviklar måten institusjonen arbeider med den periodiske evalueringa på, for å sikre eit eksternt blick frå fagfellar og samfunns- og arbeidslivet med tanke på å vidareutvikle studietilbodet. Føremålet med dei periodiske evalueringane er å styrke utviklinga av kvaliteten i studietilbodet, og ein breiare representasjon av meir aktive aktørar i evalueringa vil i større grad sikre det føremålet.

Ved neste NOKUT-oppfølging er det òg viktig at SKA har klare rutinar for korleis resultatane frå dei periodiske evalueringane skal følgjast opp for å vidareutvikle kvaliteten i studietilbodet, og at institusjonen kan dokumentere at resultatane frå evalueringane vert følgde opp.

Konklusjon

Krava i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (6) er oppfylte.

3.3 Studietilsynsforord

Strategi og kvalitetsområde

§ 4-1 (1) Institusjonens kvalitetsarbeid skal vere forankret i en strategi og dekke alle vesentlege område av betydning for kvaliteten på studentenes læringsutbytte.

Vurdering

SKA har ein strategiplan som gjeld for perioden 2022–2025. Strategiplanen inneheld ei skildring av rolla til Skrivekunstakademiet i utdannings- og litteraturlandskapet regionalt og nasjonalt. Strategiplanen omhandlar ambisjonane til akademiet når det gjeld fagleg kvalitetsheving generelt og ambisjonen om å utvikla eit nytt, akkreditert studietilbod spesielt. Planen viser også SKA sine ambisjonar om å utvikle fagmiljøet med sikte på sakkunnig vurdering for førsteamanuensiskompetanse:

- utvikle, systematisere og dokumentere påbyggingsmodellen med sikte på framtidig NOKUT-akkreditering
- arbeide med å heve den faglege kvaliteten gjennom å kartlegge kompetanse og kompetansebehov i staben og utvikle og heve dei tilsette si faglege og pedagogiske kompetanse
- kvalitetssikre fagkompetanse i staben og sikre naudsynt evaluering med tanke på vurdering til førsteamanuensisstillingar
- arbeide med å sikre mangfald gjennom å synleggjere verksemda for nye studentgrupper, og vurdere nye initiativ som kan gjere akademiet meir synleg
- ha som mål å gje studentane eit innblikk i den mangfaldige kunstnarrolla og dei stadig skiftande føresetnadane for skriftkulturen i offentlegheita

Skrivekunstakademiet har definert følgjande område for kvalitet som institusjonen arbeider etter:

- studentopptak
- evaluering av studietilbod og emne
- vurdering av studentar
- læringsmiljø

Det kjem likevel fram i kvalitetssikringssystemet med tilhøyrande årshjul at SKA i kvalitetsarbeidet i hovudsak prioriterer opptaks- og undervisningskvalitet, og i mindre grad legg vekt på andre område som kan vere av vesentleg betydning for læringsutbyttet til studentane. Slik komiteen ser det, gir også resten av dokumentasjonen SKA har sendt inn for tilsynet, eit tydeleg bilete av ei slik prioritering.

Komiteen registrerer at det ved SKA er eit høgt medvit om kvalitetskultur og kvalitet i utdanninga, og det er tydeleg av dokumentasjonen at spørsmålet om å utvide arbeidet med kvalitetsutvikling til andre område for kvalitet er løfta fram i den årlege kvalitetsrapporten til styret for 2022.

Skrivekunstakademiet har sjølv ansvaret for å definere kva område som er vesentlege for kvaliteten på læringsutbyttet til studentane. Komiteen meiner likevel at det må vere ein tydeleg samanheng mellom strategien og kvalitetsarbeidet. Komiteen ser ikkje ein slik tydeleg samanheng ved SKA og viser til strategiplanen, der det er ei tydeleg kopling mellom utvikling av kompetansen i fagmiljøet og arbeidet med fagleg kvalitet generelt, men der kvalitetsarbeid knytt til opptak og undervisning er fråverande.

Komiteen er av den oppfatninga at Skrivekunstakademiet må sikre ei tydelegare forankring av kvalitetsarbeidet i strategiplanen. SKA bør gjere det tydeleg at kvalitetsarbeidet også omfattar fleire område av betydning for læringsutbyttet til studentane.

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) er ikkje oppfylte.

Krav til oppretting

Skrivekunstakademiet må sikre ei tydelegare forankring av måla for kvalitetsarbeidet i strategiplanen.

Ny vurdering etter dokumentasjon på oppretting

universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (1)

Kvalitetsarbeidet skal være del av institusjonens strategiske arbeid.

Ordlyden i § 1-8 første ledd seier at det skal vere samanheng mellom institusjonen sitt kvalitetsarbeid og det strategiske arbeidet. Kvalitetsarbeidet bør omfatte målsettingar, prioriteringar, rutinar og prosedyrar som skal bidra til å nå dei strategiske måla og sikre at kvalitetsarbeidet ikkje går føre seg på sida av resten av det strategiske arbeidet ved institusjonen.

I tillegg til å ha ein strategisk forankring bør kvalitetsarbeidet dekke dei mest vesentlege områda for utdanningskvaliteten ved institusjonen. Desse kvalitetsområda kan gjenspeile både fagleg profil, institusjonelle særtrekk og institusjonen sine strategiske målsettingar og slik være styrande for kvalitetsarbeidet heilt ned til studietilbodsnivået.

I utgreiinga skriv SKA at den gjeldande strategiplanen gjeld ut 2025, og at akademiet har starta arbeidet med planen som skal gjelde frå og med 2026. Vidare står det at overordna tema for den nye strategien har vore drøfta i to styremøte i 2024, med tilvising til to referat i dokumentasjonen. I referatet frå styremøtet som fann stad i april 2024, står det følgjande:

Akademieiar greidde ut om arbeidet ved institusjonen i lys av NOKUT sin rapport om status for kvalitetsarbeid. Det vart lagt særskilt vekt på korleis SKA vil arbeide målretta for å innfri dei krava NOKUT stiller for å godkjenne det systematiske kvalitetsarbeidet. Arbeidet med studentevalueringar og utviklingstendensar i søkarmassen fekk òg ein del plass. Styret hadde gode og relevante innspel.

Om den aktuelle saka i styremøtet som fann stad i november 2024, står det følgjande:

NOKUT hadde tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet i fjor haust og vår. Dette var òg tema på førre styremøte. Akademielar informerte styret om status når det gjeld arbeidet med NOKUT sine krav til oppretting etter tilsyn. Det vart gjort greie for krav til ekstern evaluering, forankring i strategiplan og dokumentasjon av rutiner og praksis med systematisk kontroll.

Styret tok informasjonen til vitande.

På bakgrunn av dei to referata er det ikkje klart for komiteen kva for innspel styret har kome med når det gjeld kvalitetsarbeidet, den nye strategiplanen eller anna strategisk arbeid, i desse to styremøta.

Vidare i utgreiinga skriv SKA at den gjeldande strategiplanen legg mest vekt på den faglege kvaliteten på undervisarane og det faglege nivået i studietilbodet, og at «[a]kademiet jobbar for at fleire faktorar som har betydning for læringsutbyttet til studentane skal gjerast tydeleg i strategiplanen». I eit notat frå februar 2025 har SKA dokumentert moment frå tidlegare drøftingar i stabsmøte som bryt kvalitetsomgrepet ned i fem kvalitetsområde, og som skal ligge til grunn for arbeidet med ny strategiplan:

1. **Undervisningskvalitet** er knytt til skulen sin praksis i samband med pedagogikk, arbeids- og undervisningsformer, eksamensgjennomføring, bruk av gjestelærarar og faste lærarkrefter. Arbeidet med undervisningskvalitet skal sikre at læring er ein studentaktiv prosess som fremjar sjølvstende og evne til refleksjon. Studentane skal ta del i eit nært og kompetent læringsmiljø med høge krav til kunnskapar og ferdigheiter. Kvalitetsarbeidet skal legge til rette for varierte undervisnings- og lærings- og vurderingsformer som bidreg til at studentane oppnår læringsutbytte.
2. **Relevanskvalitet:** Kvalitetsarbeidet skal sikre at utdanninga er relevant og tilpassa dei skiftande omstenda på litteraturfeltet. Studentane skal utvikle kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse som bidreg til at dei kan ta del på det feltet dei vert ein del av etter utdanninga. Relevanskvalitet handlar òg om at utdanninga ved SKA skal vere relevant samanlikna med dei andre tilbydarane av tilsvarande utdanning.
3. **Inntakskvalitet** er knytt til studentane sine føresetnadar og evne til å studere når dei vert tekne opp til studiet. Kvalitetsarbeidet handlar om god informasjon om studiet, rettleiing til søkarar, opptaksprosessen og mottakinga av nye studentar, og om SKA sitt arbeid for å integrere nye studentar i læringsmiljøet og gje god oppfølging.
4. **Rammekvalitet** omfattar skulen sine lokale, økonomiske ressursar, organisatoriske strukturar, teknisk utstyr, infrastruktur, personale, studieadministrative støttetjenester, god informasjon undervegs i studieløpet, samt eit godt læringsmiljø.
5. **Kompetansekvalitet:** Utdanningskvalitet avheng av faglærarane sin faglege og pedagogiske kompetanse. Kvalitetsarbeidet skal sikre at faglærarar har kompetanse innan pedagogisk bruk av IKT og kan bruke IKT og digital teknologi i undervisning, læring og vurdering. Kvalitetsarbeidet skal fremme FoU-basert undervisning. Det er ein føresetnad at lærarane er oppdaterte på feltet nasjonalt og internasjonalt og

sjølve er aktive forfattarar. Kvalitetsarbeidet skal legge til rette for å styrke formidlingskompetansen, og for at undervisninga er basert på forskning om korleis læring skjer og korleis undervisningskvaliteten kan verte styrka.

Komiteen meiner det er bra at SKA no tar grep for å sikre betre samanheng mellom kvalitetsarbeidet og det strategiske arbeidet ved høgskulen, og at notatet viser at SKA er på rett veg. Når det er sagt, kjem det ikkje fram i dokumentasjonen korleis kvalitetsarbeidet knytt til dei fem kvalitetsområda heng saman med strategien eller det strategiske arbeidet. I tillegg er det utfordrande å sjå i kva grad kvalitetsområda og arbeidet med strategiplanen er forankra i styret, ut frå det som kjem fram i dei vedlagde referata frå styremøta. Sist, men ikkje minst, er det lite tillitvekkande at dokumentet med kvalitetsområda vart skrivne ned først i februar 2025, det vil seie eitt år etter at SKA fekk komiteen si innstilling til offentlig uttale, ni månader etter vedtaket med krav om oppretting i NOKUT sitt styre og etter at fristen for oppretting gjekk ut.

SKA burde ha innlemma kvalitetsområda og definisjonane i den oppdaterte systembeskrivinga og sørge for at endringane vart vedtekne i styret. Strategisk arbeid og kvalitetsarbeid ved høgare utdanningsinstitusjonar skal vere forankra i styret, og dei sakkunnige spør seg kvifor styret ved SKA ikkje tidlegare har tatt grep for å sikre at manglane vart retta opp innan fristen. Komiteen meiner at arbeidet med å forankre kvalitetsarbeidet i det strategiske arbeidet har kome i gang for seint, og at SKA ikkje har dokumentert at høgskulen har retta opp manglane innan fristen.

Konklusjon

Kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (1) er ikkje oppfylt.

Forankring og kvalitetskultur

§ 4-1 (2) Kvalitetsarbeidet skal være forankret i institusjonens styre og ledelse på alle nivåer. Institusjonen skal gjennom kvalitetsarbeidet bidra til å fremme en kvalitetskultur blant ansatte og studenter.

Vurdering

Forankring

Det følger av SKA si framstilling til NOKUT at styret har det overordna ansvaret for kvalitetssystemet og studiekvaliteten, medan akademileiar i samarbeid med undervisningsleiar har det operative ansvaret. «Årshjul for kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet» synleggjer ansvarsfordelinga og tidsfristar for ulike oppgåver gjennom studieåret. Årshjulet viser at kvalitetsrapporten blir lagd fram for styret i januar. Rapporten omhandlar mellom anna status for kvalitetsarbeidet og moglege kvalitetsfremjande tiltak i studietilbodet.

SKA er ein liten institusjon med ein flat struktur utan leiargruppe og utan underavdelingar. Stabsmøta, som er omtala i årshjulet, og der leiinga og faste undervisarar deltek, har ein sentral funksjon i kvalitetsarbeidet. Det er i desse møta at akademileiar, undervisningsleiar og dei faste undervisarane drøftar det løpande kvalitetsarbeidet, utviklinga av kvaliteten i studietilbodet og andre faglege spørsmål om studiekvalitet. Det kjem ikkje fram av referata frå stabsmøta om det blir gjort vedtak på grunnlag av desse drøftingane.

Komiteen finn at det studienære kvalitetsarbeidet med studentevalueringar, evalueringsrapportar, undervisnings- og sensorrapportar blir dokumentert og formidla til styret i årsrapporten, slik at styret er kjent med kvalitetsutviklinga ved akademiet. Referat frå styremøte i 2022 og 2023 viser at styret handsamar og godkjenner kvalitetsrapportane. Det er likevel vanskelegare å sjå om styret vurderer og gjer vedtak om eventuelle tiltak til forbetring på grunnlag av innhaldet i rapportane. Sjå meir i vurderingane til komiteen under universitets- og høgskulelova § 1-6 og studietilsynsforskrifta § 4-1 (5).

Kvalitetskultur

Dokumentasjonen SKA har sendt til NOKUT i samband med tilsynet, viser at institusjonen har fire faste undervisarar i 25 prosents stilling kvar inn i *årsstudium i skapande skrivning*, i tillegg til ei rekke gjestelærarar. Det kom fram under institusjonsbesøket at verken dei faste undervisarane eller gjestelærarane er regelmessig til stades ved institusjonen. Det gjeld særleg gjestelærarane som leverer undervisningsopplegg over ein kort periode, ofte digitalt eller fysisk utanfor akademiet, til dømes dramaundervisning ved Det Vestnorske Teateret. Desse gjestelærarane deltek heller ikkje i stabsmøta, og dei leverer i lita grad undervisningsrapportar.

Komiteen ser at det kan vere utfordrande å skape ein felles kvalitetskultur under desse rammevilkåra. Dei sakkunnige meiner likevel at dokumentasjonen viser at det er mykje tett og uformell kontakt både mellom tilsette og studentar og tilsette imellom. Studentane er tilfredse med studietilbodet og relasjonen dei har til dei tilsette. Det er lett for studentane å

ta kontakt med dei tilsette, både digitalt og når dei er på studiestaden. Det kjem fram av den årlege kvalitetsrapporten til styret for 2022 at studentane blir informerte munnleg om resultatane av studentevalueringane.

Under institusjonsbesøket kom det fram at akademileiar er ein sentral person når det gjeld å fremje ein kvalitetskultur blant tilsette og studentar. Akademileiar bidreg i vesentleg grad til at også gjestelærarar kjenner seg som ein del av fagmiljøet ved Skrivekunstakademiet, sjølv om dei formelt sett berre er knytte til SKA gjennom eittårige arbeidsavtalar. Komiteen vil peike på at det at så mykje synest å kvile på akademileiar, gjer institusjonen sårbar overfor framtidige personendringar i staben.

SKA skriv i forklaringa si til NOKUT at studentane deltek med representantar i LMU og i styret med møte og talerett. Komiteen gjer merksam på at studentrepresentantane i styret i medhald av universitets- og høgskulelova også skal ha stemmerett. I samtalene under institusjonsbesøket kom det fram at akademiet orienterer studentrepresentantane om arbeidet i styret og i LMU. Det kom likevel også fram at studentane i lita grad var kjende med både dei ulike tillitsverva og med kva studentar som har tillitsverva, og med LMU og arbeidet der. Ei forklaring på det kan vere at institusjonsbesøket fann stad midt i det første semesteret til studentane. Komiteen tilrår SKA å starte arbeidet i LMU så tidleg som mogleg i studieåret. Ein slik praksis er særleg viktig ved institusjonar som tilbyr kortare utdanningar. Sjå meir i komiteen si vurdering av universitets- og høgskulelova § 4-3 (5).

Oppsummering

Komiteen meiner at kvalitetssystemet ved SKA legg til rette for at kvalitetsarbeidet blir forankra i styret og i leiinga ved akademiet. Styret har gjennom kvalitetsrapporten godt høve til å halde seg oppdatert på status for kvalitetsarbeidet og studiekvaliteten. Komiteen vil understreke viktigheita av at styret tek ei aktiv rolle i å sjå til at kvalitetsarbeidet blir følgt opp, og at viktige tiltak blir prioriterte. Komiteen tilrår at den årlege kvalitetsrapporten blir handsama i styret før eller på same tid som budsjettet for det etterfølgjande studieåret, slik at eventuelle kostnader ved forbetringstiltak kan innarbeidast i budsjettet.

Komiteen ser at SKA, som har eit lite fagmiljø med eit markert innslag av gjestelærarar, kan ha utfordringar når det gjeld utvikling og vidareføring av ein felles kvalitetskultur. SKA bør derfor sikre at dei uformelle strukturane i større grad blir formaliserte. Sjå også vurderingane til komiteen under universitets- og høgskulelova § 1-6 og studietilsynsforskrifta § 4-1 (5).

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (2) er oppfylte.

Ordninger for systematisk kontroll

§ 4-1 (3) Institusjonen skal ha ordninger for systematisk å kontrollere at alle studietilbud tilfredsstillende kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-3 og kapittel 2 i denne forskrift.

Vurdering

SKA er ikkje akkreditert som institusjon og må søke NOKUT om akkreditering av nye studietilbud og om større endringar av eksisterande studietilbud. Høgskulen er sjølv ansvarleg for å kontrollere at eksisterande studietilbud blir drifta i medhald av krava i studietilsynsforskrifta § 2-1 til § 2-3 og studiekvalitetsforskrifta § 3-1 til § 3-3.

Å ha ordningar for systematisk kontroll med studietilbud inneber å ha både tilfredsstillande rutinar og tilfredsstillande praksis for gjennomgang av eksisterande studietilbud og for oppretting av nye studietilbud. SKA har eitt studietilbud med tolv studentar og eit lite og oversiktleg fagmiljø.

Det går fram av kvalitetssystemet til SKA at systemet i særleg grad legg vekt på kvaliteten i undervisninga og på det studietilbudet institusjonen tilbyr, og at akademiet gjennom dette systemet i dag spesielt prioriterer to hovudområde: studentevalueringar og undervisningsrapportar. Administrasjonen rapporterer til styret om status for stillingsandelar og kompetanse i fagmiljøet i den årlege kvalitetsrapporten til styret.

Innhaldet i både studentevalueringane, undervisningsrapportane og sensorrapportane vert drøfta i stabsmøta. Studietilbudet sitt faglege innhald og behov for forbetringar i innhaldet blir drøfta, og eventuelle vedtak blir gjorde i lys av desse evalueringane og rapportane. Komiteen konstaterer at institusjonen har god oversikt over kompetansen i fagmiljøet. Dei sakkunnige kan likevel ikkje sjå at SKA har ordningar for systematisk å kontrollere at studietilbudet tilfredsstillende alle dei relevante forskriftskrava.

SKA må ta inn i kvalitetssystemet ordningar som sikrar at institusjonen systematisk kontrollerer at studietilbudet tilfredsstillende krava i studiekvalitetsforskrifta § 3-1 til § 3-3 og kapittel 2 i studietilsynsforskrifta, og dokumentere at institusjonen gjennomfører slik systematisk kontroll.

Konklusjon

Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (3) er ikkje oppfylt.

Krav til oppretting

Skrivekunstakademiet må dokumentere rutinar og praksis for systematisk kontroll med at studietilbudet tilfredsstillende krava til akkreditering av studietilbud i studiekvalitetsforskrifta § 3-1 til § 3-3 og kapittel 2 i studietilsynsforskrifta.

Ny vurdering etter dokumentasjon på oppretting

universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (5)

Institusjonen skal systematisk kontrollere at alle studietilbud til enhver tid oppfyller kravene til akkreditering.

Å ha ordningar for systematisk kontroll med at alle studietilbud til ei kvar tid oppfyller krava til akkreditering av studietilbud, inneber å ha både tilfredsstillande rutinar og tilfredsstillande praksis for gjennomgang av eksisterande studietilbud og for oppretting av nye studietilbud. Når eit studietilbud er akkreditert, er det institusjonen som tilbyr det, som har ansvar for å vedlikehalde og utvikle kvaliteten i studietilbudet, uavhengig av om akkrediteringa er gjort av institusjonen sjølv eller av NOKUT. I Noreg har samfunnet og styremaktene tillit til at institusjonane sjølve er i stand til å sikre og vidareutvikle kvaliteten i sine utdanningar, under føresetnad av at institusjonane har tilfredsstillande rutinar og dokumentert praksis for kvalitetssikring av studietilboda.

SKA er ikkje akkreditert som institusjon og må søke NOKUT om akkreditering av nye studietilbud og om større endringar i eksisterande studietilbud. Ordningar for akkreditering av nye studietilbud er derfor ikkje like relevante for SKA. SKA er sjølv ansvarleg for å kontrollere at eksisterande studietilbud blir drifta og vidareutvikla i medhald av dei relevante krava til akkreditering i studietilsynsforskrifta § 2-1 til § 2-3 og studiekvalitetsforskrifta § 3-1 til § 3-3.

I utgreiinga som kom inn med dokumentasjonen 7. januar 2025, er SKA sin kommentar til kravet om systematisk kontroll at «[s]må institusjonar har moglegheit til rask omstilling, smidig tilpassing og har generelt kortare veg frå vedtak til gjennomføring». Deretter viser SKA til noko komiteen peika på når det gjeld vedtak og iverksetting av tiltak, i samband med kravet om å rette opp i sviktande kvalitet innan rimeleg tid. Slik seier SKA si utgreiing ikkje noko om kva institusjonen har gjort for å rette opp mangelen knytt til kravet om systematisk å kontrollere at studietilbudet oppfyller krava til akkreditering.

I den ettersende dokumentasjonen frå 18. februar 2025 finn komiteen eit dokument med tittelen «Systematisk kontroll med krav til akkreditering av studietilbud». Komiteen har ikkje inntrykk av at dokumentet er forankra i styret. I dokumentet heiter det at SKA har «ein årleg gjennomgang av ei rekke moment som er beskrive i Studietilsynsforskrifta kapittel 2 i *Årsrapporten og Rapport for det systematiske kvalitetsarbeidet*, som vert utarbeida av akademileiar i samråd med studiekonsulent» (SKA si kursivering), og at rapportane vert gjennomgatte i styremøte. Vidare listar SKA opp kva for krav i studietilsynsforskrifta § 2-2 og § 2-3 som er nemnde i rapportane, og erkjenner at nokre av krava ikkje er omtalte. SKA skriv at krava som ikkje vert omtalte, gjerne er knytte til sider ved utdanninga som ikkje endrar seg frå eitt år til eit anna. Komiteen spør seg korleis SKA får kontrollert om desse krava er oppfylte, om det likevel vert endringar. I den reviderte systembeskrivinga kan komiteen heller ikkje finne rutinar for systematisk kontroll.

Rapporten frå periodisk evaluering syner at SKA i større grad kunne leggje vekt på utdanningsfagleg kompetanse blant dei som underviser. Sjå vurderingane av universitets-

og høgskuleforskrifta § 1-8 (6). «Rapport til styret om status for kvalitetsarbeidet» viser at det er kompetansenivået til dei tilsette åleine som vart vurdert for 2024, men det finst fleire krav til fagmiljø i studietilsynsforskrifta.

I «Rapport til styret om status for kvalitetsarbeidet» for 2024 gjer SKA greie for dei krava til oppretting som kom fram i tilsynsrapporten og vedtaket i NOKUT sitt styre 7. mai 2024, og for korleis institusjonen har jobba med opprettinga sidan vedtaket. På side 5 i rapporten finn komiteen følgjande avsnitt:

Skrivekunstakademiet gjev ein årleg gjennomgang av ei rekke moment som er beskrive i Studietilsynsforskrifta kapittel 2 i *Årsrapporten og Rapport for det systematiske kvalitetsarbeidet*, som vert utarbeida av akademileiar i samråd med studiekonsulent. Dei kapitla som ikkje er direkte nemnt i desse rapportane er gjerne knytt til sider ved utdanninga som ikkje endrar seg frå eitt år til eit anna. **Dersom NOKUT finn at denne ordninga ikkje er tilstrekkeleg systematisk, må akademiet sjå på løysingar for å sikre at vi stettar krava. Til dømes kan ein då gjere eit vedtak i styret om at akademileiar og studiekonsulent skal gjere ein årleg systematisk gjennomgang av om akademiet innfrir krava til akkreditering av studietilbod i Studietilsynsforskrifta kapittel 2 og Studiekvalitetsforskrifta § 3-1 - § 3-3, og at denne gjennomgangen skal vere del av Rapport for det systematiske kvalitetsarbeidet.** Ein kan i samband med eit slikt vedtak gjere det eksplisitt korleis ei evaluering skal finne stad og kva moment evalueringa skal innehalde. (SKA si kursivering, komiteen si utheving)

Komiteen kan ikkje sjå at SKA har rutinar for systematisk kontroll med at studietilbodet oppfyller alle krava til akkreditering av studietilbod, eller at akademiet kan vise til gjennomførte kontrollar med *årseining i skapande skiving* der alle krava vert kontrollerte. Det er urovekkande at SKA tilsynelatande ikkje har tatt kravet til oppretting på alvor. Komiteen spør seg kvifor SKA heller enn å gjennomføre ein slik kontroll i løpet av tida som er gått sidan vedtaket i NOKUT sitt styre i mai 2024, i staden har skissert kva akademiet *kunne ha gjort* for å sikre ein systematisk kontroll. Dei sakkunnige vil understreke at kravet om å ha ordningar for systematisk kontroll med at studietilbodet oppfyller krava til akkreditering, er ein føresetnad for den tillitsbaserte modellen i Noreg, der institusjonane sjølve er ansvarlege for å sikre at studietilboda tilfredsstillar minstekrava for høgare utdanning.

Komiteen vil òg understreke at det i ein tilfredsstillande systematisk kontroll ikkje er nok å «nemne» ulike forhold ved studietilbodet og fagmiljøet, men at det må ligge faglege vurderingar til grunn for kontrollen. Komiteen meiner at SKA må finne ordningar som er tilpassa storleiken, i staden for å bruke argument som at det ikkje er naudsynt med systematisk kontroll fordi institusjonen er liten. Uavhengig av storleiken vil kvalitetsarbeidet ved SKA vere sårbart dersom ein for stor del av kvalitetsarbeidet går føre seg uformelt og utan å verte dokumentert, eller viss ein ikkje gjennomfører forskriftsfesta kvalitetsarbeid fordi institusjonen er liten. Komiteen understrekar at krava til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid gjeld alle institusjonar, små som store, som tilbyr akkreditert høgare utdanning i Noreg.

Komiteen meiner erkjenninga og medvitet som kjem fram i «Rapport til styret om status for kvalitetsarbeidet» for 2024, vitnar om at SKA er i stand til å innføre rutinar og gjennomføre praksis for systematisk kontroll med at årseininga tilfredsstillar krava til studietilbod.

Dei sakkunnige rår SKA til å sette i verk sitt eige forslag til ein systematisk gjennomgang av om studietilbodet innfrir krava til akkreditering, og minner om at det er opp til SKA å finne ordningar som er føremålstenlege for å sikre tilstrekkeleg kontroll. SKA kan vurdere om nokre av krava *i tillegg* skal verte kontrollerte av eksterne fagfellar i den periodiske evalueringa. Det kan vere kvalitetsdrivande å la andre enn det interne fagmiljøet vurdere til dømes i kva grad studietilbodet er fagleg oppdatert og har tydeleg relevans for vidare studium og arbeidsliv, samt nivået på FoU-verksemda til fagmiljøet. I alle høve er det viktig at den systematiske kontrollen er basert på faglege vurderingar, at alle krava vert vurderte hyppig nok til å sikre at studietilbodet til ei kvar tid tilfredsstillar krava til akkreditering, og at kontrollen vert dokumentert.

Konklusjon

Kravet i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 (5) er ikkje oppfylt.

Systematisk innhenting av informasjon

§ 4-1 (4) Institusjonen skal systematisk innhente informasjon fra relevante kilder for å kunne vurdere kvaliteten i alle studietilbud.

Vurdering

SKA hentar inn informasjon frå fleire kjelder for å få grunnlag for å vurdere den heilskaplege kvaliteten i studietilbodet. Institusjonen gjennomfører både munnlege og skriftlege studentevalueringar og evalueringar frå faste undervisarar. Gjestelærarar blir også oppfordra til å skrive evaluering. Frå 2023 er sensorrapportar innført som eit nytt ledd i informasjonsinnhentinga. Sensorrapportane vil vere eit fast element i kvalitetsarbeidet framover. Komiteen ser at slike rapportar vil kunne gje perspektiv på gjennomføring og utforming av eksamen og innspel til studieplanen på emnenivå dersom sensor vurderer eksamen opp mot læringsmåla for emnet.

All denne informasjonen blir drøfta i stabsmøta, og komiteen har inntrykk av at det gir eit godt grunnlag for å vurdere kvaliteten i studietilbodet og for å utforme tiltak der det er naudsynt. Sjå meir i komiteen si vurdering av studietilsynsforskrifta § 4-1 (5).

Komiteen meiner informasjonsinnhentinga ved SKA er systematisk og gir god breidde. Dei sakkunnige vil likevel peike på at det i samband med ei utviding av tal på kvalitetsområde kan vere klokt å vurdere om ytterlegare informasjonsinnhenting kan vere nyttig. Til dømes kan ikkje komiteen sjå at SKA gjennomfører kandidatundersøkingar, noko som vil vere relevant dersom SKA innlemmar eit relatert kvalitetsområde i kvalitetsarbeidet.

Konklusjon

Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (4) er oppfylt.

Bruk av kunnskap frå kvalitetsarbeidet

§ 4-1 (5) Kunnskap fra kvalitetsarbeidet skal brukes til å utvikle kvaliteten i studietilbudene og avdekke eventuelt sviktende kvalitet. Sviktende kvalitet skal rettes opp innen rimelig tid.

Vurdering

Dokumentasjonen syner at SKA hentar inn kunnskap frå kvalitetsarbeidet, og at kunnskapen er grunnlag for refleksjonar i stabsmøta om mogleg sviktende kvalitet og om behov for utvikling av kvaliteten i studietilbodet. Evaluerings- og undervisningsrapportane syner at studentar og undervisarar kjem med innspel til kvalitetsutvikling. Referata frå stabsmøta syner at dei faglege diskusjonane til lærarane om moglege forbetringstiltak er baserte på studentane sine evalueringar og lærarane sine erfaringar frå undervisninga. Komiteen ser òg at SKA er i startgropa når det gjeld innhenting av sensorrapportar.

I årsrapportane til styret for 2021 og 2022 kjem det fram at SKA har gjennomført følgjande tiltak for forbetring:

- Tilbakemeldingane frå studentane med ynskje om betre informasjon om den praktiske gjennomføringa av studieløpet er tatt til følgje. SKA sender no ut ein forenkla studieplan til studentane før studiestart, og studieplan, pensumlistar og læringsutbytteskildringar er tilgjengelege på nettstaden.
- Studentevalueringar har vist at studentane har ulike faglege bakgrunnar for utdanninga. Nokon har bakgrunn frå høgare utdanning innan litteraturvitskap eller andre kunstfag, medan andre ikkje har nokon erfaring i det heile frå høgare utdanning. Skrivekunstakademiet søkjer derfor å integrere teoriundervisninga i studietilbodet i dei praktiske kursa.

Det kjem òg fram i begge årsrapportane at ulike pedagogiske val (til dømes sjangerbasert innhald i undervisninga) blir drøfta av lærarane i stabsmøte, og at denne diskusjonen skjer på grunnlag av studentevalueringar. Komiteen noterer seg at årsrapportane for 2021 og 2022 viser til dei same tiltaka.

Komiteen ser av eit referat frå stabsmøte 22. november 2021 at studentane etter eit innspelsmøte mellom studentar og fagstaben skal få tilbod om individuell rettleiing to gonger per semester ved gjennomføring av større prosjekt. Det blir opplyst i referatet at slik individuell rettleiing er mogleg på grunn av ei ekstraordinær løyving frå KD, og det blir vist til kostnadsestimat og budsjettmessige disposisjonar i denne samanhengen. Komiteen tilrår at SKA sørgjer for at eventuelle vedtak frå den årlege kvalitetsrapporten med budsjettmessige konsekvensar rekk å bli innarbeidde i budsjettet ved årleg handsaming av kvalitetsrapporten og budsjettet. Slik kan eventuelle kostnadar knytte til forbetringstiltak som følgjer av styrets handsaming av kvalitetsrapporten, verte innarbeidde i budsjettet.

Komiteen viser til dokumentet «Plassering av ansvar og styringsstruktur», som syner at akademileiar og undervisningsleiar har sentrale roller i involveringa av tilsette og studentar før vedtak om tiltak skal treffast. Av referata frå stabsmøta ser komiteen at

kvalitetsforbetrande tiltak i studietilbodet vert drøfta i alle desse møta, mellom anna på grunnlag av studentevalueringar og undervisningsrapportar frå lærarane. Det er likevel ikkje alltid tydeleg for komiteen kva resultata av desse drøftingane blir, kven som fattar vedtak, og når tiltaka eventuelt vert sette i verk. Derfor har komiteen òg vanskeleg for å sjå om SKA rettar opp i sviktande kvalitet innan rimeleg tid.

Komiteen meiner at SKA bør sikre dokumentasjon på kva vedtak som vert gjorde, og når, i saker som gjeld kvalitetsutvikling i studietilbodet. Slike vedtak bør òg vere synlege i årsrapporten til styret i det påfølgjande året. Komiteen vil peike på at det ved små institusjonar med få tilsette er særskilt viktig med formaliserte strukturar og tydeleg systematikk i kvalitetsarbeidet. Det vil kunne bidra til å motverke sårbarheit ved eventuelle personalmessige endringar ved institusjonen. Komiteen viser òg til vurderingane under universitets- og høgskulelova § 1-6 og studietilsynsforskrifta § 4-1 (2).

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (5) er oppfylte.

Vurdering og utvikling av den samla studieporteføljen

§ 4-1 (6) Resultater fra kvalitetsarbeidet skal inngå i kunnskapsgrunnet ved vurdering og strategisk utvikling av institusjonens samlede studieportefølje.

Vurdering

Skrivekunstakademiet er ein høgskule med eitt akkreditert studietilbod og ein tydeleg og spesialisert fagleg profil. Bortsett frå eit allereie eksisterande påbyggingskurs utan akkreditering har ikkje SKA ytterlegare planar om strategisk utvikling av den samla studieporteføljen. Det kjem likevel tydeleg fram av strategiplanen at SKA har ambisjonar om heving av fagkompetansenivået ved institusjonen, gjennom utvikling av førsteamanuensiskompetanse i fagmiljøet med sikte på akkreditering av påbyggingsstudiet.

SKA har god oversikt over kompetansen i fagmiljøet. Det kan komiteen mellom anna sjå i årsrapporten til styret frå 2021. Komiteen meiner derfor at dokumentasjonen viser at SKA nyttar resultat frå kvalitetsarbeidet ved vurdering av strategisk utvikling av studieporteføljen.

Konklusjon

Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (6) er oppfylt.

4 Samla konklusjon frå komiteen

Opphavleg konklusjon

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet har enkelte manglar. Følgjande krav er ikkje oppfylte: studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) og § 4-1 (3). Manglane er av ein slik art at institusjonen må gjennomføre enkle tiltak for at dei sakkunnige skal ha tillit til at institusjonen sitt systematiske kvalitetsarbeid sikrar og vidareutviklar utdanningskvaliteten.

Komiteen sine kommentarar til den opphavlege konklusjonen

Komiteen vil takke SKA for den innsende dokumentasjonen og eit interessant institusjonsbesøk der alle delte villig av sine erfaringar med kvalitetsarbeidet. Inntrykket komiteen sit igjen med, er engasjerte og interesserte studentar og tilsette som ønskjer å bidra til ei god utdanning. Komiteen ser òg at SKA har arbeidd målretta med å gjere kvalitetsystemet betre.

Samstundes har komiteen sett nokre manglar ved kvalitetsarbeidet. For det første må SKA gjennomføre periodisk evaluering av studietilbodet. Dineast må institusjonen tydelegare forankre måla for kvalitetsarbeidet i strategiplanen, der fleire område av betydning for læringsutbyttet til studentane må tydeleggjerast. Det må òg dokumenterast at det er på plass rutinar og praksis for systematisk kontroll med at studietilbodet tilfredsstillar krava til akkreditering av studietilbod.

Som ein liten institusjon med få studentar og tilsette er mykje avhengig av einskildpersonar. Då er det lett at noko ikkje vert dokumentert. Det kan sikre effektiv drift, men det gjer institusjonen sårbar ved eventuelle personalmessige endringar. Det kan òg gjere det vanskelegare å oppdage avvik som gjentek seg. Komiteen tilrår at SKA skriv meir utfyllande saksframlegg og tydelegare dokumenterer vedtaka og oppfølginga av dei.

Krav til oppretting

Skrivekunstakademiet må rette opp i følgjande manglar for å oppfylle krava:

- **studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) Periodiske evalueringar**
Skrivekunstakademiet må dokumentere rutinar og praksis (minst éi gjennomført evaluering) for periodisk evaluering av studietilbodet *årseining i skapande skriving*. Evalueringa må gjennomførast i samsvar med ordlyden i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2), som seier at representantar frå arbeids- eller samfunnslivet, studentar og eksterne sakkunnige som er relevante for studietilbodet, skal bidra i evalueringane, og at resultatane av evalueringane skal vere offentlege.
- **studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) Strategi og kvalitetsområde**
Skrivekunstakademiet må sikre ei tydelegare forankring av måla for kvalitetsarbeidet i strategiplanen.

- **studietilsynsforskrifta § 4-1 (3) Ordningar for systematisk kontroll**
Skrivekunstakademiet må dokumentere rutinar og praksis for systematisk kontroll med at studietilbodet tilfredsstillir krava til akkreditering av studietilbod i studiekvalitetsforskrifta § 3-1 til § 3-3 og kapittel 2 i studietilsynsforskrifta.

I kapittel 5 gir komiteen råd til Skrivekunstakademiet om vidare utvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet. Alle desse råda går ut over minstekrava i loven og forskriftene.

Ny konklusjon etter dokumentasjon på oppretting

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved SKA er ikkje tilfredsstillande.

Skrivekunstakademiet har ikkje retta opp alle dei manglane som institusjonen fekk vedtak om å rette opp 7. mai 2024, i tråd med dei den gongen gjeldande krava i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) og § 4-1 (3). SKA har ikkje retta opp krava i universitets- og høgskuleforskrifta § 1-8 første ledd og femte ledd.

I vurderinga av kvalitetsarbeidet etter dokumentasjon på oppretting har komiteen ikkje vurdert alle delane av universitets- og høgskuleforskrifta § 1-7 og § 1-8. Komiteen har berre vurdert dei krava som låg til grunn for opprettinga, og som er vidareførte i gjeldande universitets- og høgskuleforskrift § 1-8 første ledd, femte ledd og sjette ledd.

Komiteen sine kommentarar til den nye konklusjonen

Komiteen ser svært alvorleg på at SKA ikkje har dokumentert oppretting av alle manglane institusjonen fekk vedtak om å rette opp i mai 2024. Dei sakkunnige hadde venta at SKA ville ta det som kom fram i tilsynsrapporten, meir på alvor. Det gjeld særleg krava til oppretting, men òg råda frå komiteen. Heller enn å bortforklare mangelen på formelt kvalitetsarbeid med at institusjonen er liten, må SKA finne eit system og ordningar som er tilpassa dei små forholda og eigenarten, og som tilfredsstillir minstekrava for høgare utdanning. Sjølv små institusjonar må ha eit system og eit kvalitetsarbeid som er i tråd med forskriftskrava. Ved små institusjonar er kvalitetsarbeidet meir sårbart, og derfor er det desto viktigare at institusjonen har eit system som fungerer etter føremålet. Å sjå bort ifrå forskriftsfesta krav til kvalitetsarbeid er ikkje det same som å ta omsyn til storleik og eigenart.

Komiteen vil understreke at utdanningskvalitet og kvalitetsarbeid i utdanninga ikkje er éin og same sak. Sjølv om studentevalueringane viser at studentane er nøgde, og sjølv om uteksaminerte kandidatar oppnår gode resultat, er det naudsynt at SKA gjennom eit systematisk kvalitetsarbeid sikrar at samfunnet kan ha tillit til at studietilbodet tilfredsstillir minstekrava til høgare utdanning. Det er viktig at det er ein samanheng mellom kvalitetsarbeidet og det strategiske arbeidet, at ordningar for systematisk kontroll sikrar at studietilbodet tilfredsstillir dei offentlege krava til studietilbod og fagmiljø, og at resultatane frå den periodiske evalueringa av studietilbodet er eigna til å vidareutvikle kvaliteten i studietilbodet. Sjølv om komiteen under tvil har konkludert med at kravet om periodisk evaluering tilfredsstillir minstekrava i forskrifta, forventar dei sakkunnige at SKA følgjer opp dei sterke tilrådingane som kjem fram òg i vurderinga frå 2025.

Gjennom tilsynet har dei sakkunnige vorte kjende med at SKA ønskjer å søke NOKUT om akkreditering av påbyggingskurset. Eit tilfredsstillande kvalitetsarbeid som er godkjent av NOKUT gjennom tilsyn, er ein føresetnad for å kunne søke om slik akkreditering, og dei sakkunnige håpar at det vil vere ein motivasjon for SKA til å prioritere dei offentlege krava til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid i tida som kjem.

5 Vedlegg til den sakkunnige innstillinga

Råd til vidare utvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet (frå 2024)

I tillegg til å vurdere om kvalitetsarbeidet oppfyller krava i universitets- og høgskulelova § 1-6 og § 4-3 (5), studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta kapittel 4, ligg det i komiteen sitt mandat å gje råd om vidare utvikling av kvalitetsarbeidet ved institusjonen.

Den sakkunnige komiteen vil gje følgjande råd til Skrivekunstakademiet:

- SKA bør samle informasjon om kvalitetssikringa og kvalitetsarbeidet ved institusjonen i eitt dokument.
- For betre å kunne dokumentere kvalitetsarbeidet ved institusjonen rådar komiteen SKA til å formalisere dei uformelle strukturane i kvalitetsarbeidet.
- Dei sakkunnige rår SKA til å innarbeide viktige milepælar i arbeidet til LMU i «Årshjul for kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet».
- SKA bør setje ned LMU og starte arbeidet i utvalet så tidleg som mogleg i studieåret.
- Komiteen rår SKA til å sikre at eventuelle vedtak frå den årlege kvalitetsrapporten som har budsjettmessige konsekvensar, rekk å bli innarbeidd i budsjettet ved årleg handsaming av kvalitetsrapport og budsjett.
- SKA kan gjerne vurdere om ytterlegare informasjonsinnhenting, til dømes ei kandidatundersøking, vil vere nyttig.
- SKA bør dokumentere gjennom praksis kven som gjer vedtak i kva saker, og tydeleggjere når slike vedtak vert gjorde.

6 SKA sine offentlege uttaler til dei sakkunnige innstillingane

Skrivekunstakademiet
Georgernes verft 12
5011 Bergen

Offentleg fråsegn i samband med NOKUT sitt tilsyn med kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet


Vi har motteke rapporten frå NOKUT og har lese han med stor interesse. Vi er glade for at den sakkunnige komiteen har gjort ei grundig vurdering av det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonen, og at dei samstundes har eit blick for dei institusjonelle særtrekka som kjenneteiknar ein liten institusjon som Skrivekunstakademiet. Vi ser fram til å rette dei manglane som vert påpeikt.

- 1) I tråd med studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) om *Periodiske evalueringar*, har Skrivekunstakademiet sett i gang arbeidet med ei evaluering av studietilbodet *Arseining i skapande skrivning*. Evalueringa vil finne stad våren og hausten 2024 og rapporten frå evalueringa vil verte ferdig og overlevert innan utlopet av 2024.
- 2) I tråd med studietilsynsforskrifta § 4-1 (1), vil Skrivekunstakademiet sørge for ei tydelegare forankring av måla for kvalitetsarbeidet i strategiplanen. Dette arbeidet vil finne stad i løpet av 2024 og komme til uttrykk i formuleringar i ny strategiplan gjeldande frå 2025.
- 3) Skrivekunstakademiet vil setje i gang eit arbeid med å gjere tydeleg rutinar og praksis for systematisk kontroll med at studietilbodet stettar krava til akkreditering av studietilbod i tråd med studiekvalitetsforskrifta og studietilsynsforskrifta.

Den sakkunnige komiteen gjev òg råd til Skrivekunstakademiet om utvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet på område som ligg utanfor minstekrava i forskriftene. Desse råda vil vi ta med oss i det vidare arbeidet og implementere der det er hensiktsmessig.

Vi takkar igjen for eit nyttig tilsyn og ser fram til å gjere dei naudsynte endringar for å sikre at det systematiske kvalitetsarbeidet held eit tilstrekkeleg høgt nivå.

Bergen, 22. februar 2024



Sivert N. Nesbø
Akademileiar

Skrivekunstakademiet

Georgernes verft 12

5011 BERGEN

28. mars 2025

NOKUT

Pb. 578

1327 LYSAKER

Sakshandsamar: Eva Refsdal

Ref: 22/12607-40

Offentleg uttale til *Innstilling frå sakkunnig komité for tilsynet med kvalitetsarbeidet ved Skrivekunstakademiet*

Etter periodisk tilsyn i 2023 gjorde styret i NOKUT eit vedtak i mai 2024, der SKA fekk krav om oppretting på tre område i Studiekvalitetsforskrifta og Studietilsynsforskrifta. Rapporten frå komiteen frå mars 2025 gjer greie for i kva grad SKA stettar krava i forskriftene etter krav om oppretting.

Innleiingsvis ønsker vi å forsikre NOKUT om at vi tek kritikken og innspela på største alvor og der vi ikkje har kome så langt som ønskeleg, vil vi no gjere vårt ytste for å sikre at vi leverer på eit nivå som er tillitsvekkande. Under følger nokre korte kommentarar til einsskilde av momenta komiteen peikar på.

Forskrift til Universitets- og høgskulelova stiller nye krav til kvalitetssystem og kvalitetsarbeid gjeldande frå 1. januar 2025, og vi syner til dei nye krava i det følgande.

1)

§ 1-8 (6) Institusjonen skal gjennomføre periodiske evalueringer av alle studietilbud som ledd i arbeidet med å videreutvikle kvaliteten. Studenter, samt representantar fra arbeids- eller samfunnsliv og eksterne fagfeller som er relevante for studietilbudet, skal bidra i evalueringene.

SKA har etablert rutinar for gjennomføring av ekstern evaluering og har òg etter krav om oppretting gjennomført ei ekstern evaluering. NOKUT sin komité vurderer etter dette at krava

i studiekvalitetsforskrifta er oppfylte, men kjem òg med nokre klåre råd for oppfølging av resultatata som SKA vil følgje i det vidare.

Komiteen har òg einskilde spørsmål, mellom anna om periodisk evaluering er tenkt som del av den systematiske kontrollen. Frå SKA si side er dette tenkt som to ulike prosessar. Periodisk evaluering, kvart femte år, gjennomført av eksterne aktørar i tråd med krava i forskrifta, er ikkje tenkt som del av systematisk kontroll. Vi beklagar om ordlyden i rutinebeskrivinga har vore eigna til å skape misforståingar.

2)

§ 1-8 (1) Kvalitetsarbeidet skal være del av institusjonens strategiske arbeid.

NOKUT-komiteen «meiner det er bra at SKA no tar grep for å sikre betre samanheng mellom kvalitetsarbeidet og det strategiske arbeidet ved høgskulen, og at notatet viser at SKA er på rett veg. Når det er sagt, kjem det ikkje fram i dokumentasjonen korleis kvalitetsarbeidet knytt til dei fem kvalitetsområda heng saman med strategien eller det strategiske arbeidet. I tillegg er det utfordrande å sjå i kva grad kvalitetsområda og arbeidet med strategiplanen er forankra i styret, ut frå det som kjem fram i dei vedlagde referata frå styremøta. Sist, men ikkje minst, er det lite tillitvekkande at dokumentet med kvalitetsområda vart skrivne ned først i februar 2025, det vil seie eitt år etter at SKA fekk komiteen si innstilling til offentleg uttale, ni månader etter vedtaket med krav om oppretting i NOKUT sitt styre og etter at fristen for oppretting gjekk ut.»

Arbeidet med strategiplanen skal verte slutført ved utløpet av 2025 og SKA meiner dimed at vi enno har tilstrekkeleg tid til å sikre at måla for kvalitetsområda er forankra i den nye strategien. At dokumentet med kvalitetsområda er datert februar 2025 stemmer, men dette tyder ikkje at arbeidet med kvalitetsområda ikkje har vore tema på stabs- og styremøte i 2024. Referat/protokollar er diverre ikkje uttømmende. Vi registrerer at NOKUT meiner arbeidet har kome for seint i gang, men ber likevel om tillit til at vi kjem til å kome i mål innan oppstart av perioden for ny strategiplan i 2026.

3)

§ 1-8 (5) Institusjonen skal systematisk kontrollere at alle studietilbud til enhver tid oppfyller kravene til akkreditering.

I samband med dette kravet gjev NOKUT SKA tilbørleg kritikk og vi tek imot denne og vil gjere dei naudsynte endringar. Gjennom tilsynet har vi vorte merksame på at dei systema vi har hatt ikkje i tilstrekkeleg grad stettar krava i studietilsynsforskrifta. Samstundes er vi glade for at NOKUT-komiteen «meiner erkjenninga og medvitet som kjem fram i «Rapport til styret om status for kvalitetsarbeidet» for 2024, vitnar om at SKA er i stand til å innføre rutinar og gjennomføre praksis for systematisk kontroll med at årseininga tilfredsstillar krava til studietilbod. Dei sakkunnige rår SKA til å sette i verk sitt eige forslag til ein systematisk gjennomgang av om studietilbodet innfrir krava til akkreditering, og minner om at det er opp til SKA å finne ordningar som er føremålstenlege for å sikre tilstrekkeleg kontroll.»

Vi ser fram til å finne gode løysingar for å kome krava i forskrifta i møte.

Vi vil heilt til sist understreke at vi tek tilsynet på det absolutt største alvor og vil gjere det som krevst for å sikre at NOKUT framleis kan ha tillit til Skrivekunstakademiet.

På vegne av Skrivekunstakademiet,

Sivert N. Nesbø

Akademileiar



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 |